



# Gulen kyrkjelydsblad

---

Nr 1

April 2019

62. årgang



Vikarprest Børge Ryland og flinke konfirmantar gjennomførte ei flott  
samtalegudsteneste i Gulen kyrkje 17.03.19.  
(Foto: Ivar Rutledal)

**REDAKSJON:** Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik [anne.ryssdal.tveit@eninvest.net](mailto:anne.ryssdal.tveit@eninvest.net)

**KORREKTUR:** Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

**BANKGIROKONTO:** 3817 15 51282

Kontingenent er fri.

**TRYKKERI:** Norengros, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE**

**OG MJØMNA SOKN:** Jens Linde,

5966 Eivindvik. Tlf. 97509035

[jens.linde@gulen.kyrkja.no](mailto:jens.linde@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE:** Trude Brosvik,  
5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389  
[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no) Kontor:Ikkje onsd.

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093

Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

**ORGANIST:** Peter Tiborc Jobbagy,  
5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**SOKNERÅD/FELLESRÅD:**

**Gulen sokn:** Maike Norman Bøe. Tlf. 95349801. [maikenorman@hotmail.com](mailto:maikenorman@hotmail.com)

**Brekke sokn:** Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. [cawaatvteit@hotmail.com](mailto:cawaatvteit@hotmail.com)

**Mjømna sokn:** Bente Haugen. Tlf. 99264861. [bente.haugen59@gmail.com](mailto:bente.haugen59@gmail.com)

**Fellesråd:** Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. [malfrid.undertun@eninvest.net](mailto:malfrid.undertun@eninvest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpende om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkjekontoret er redaktør for både heimesida og facebooksida.

## Redaksjonen

Kyrkjelydsbladet kjem i år med fire nummer: Nr.1 (påske/konfirmasjon), nr.2 (juni), nr.3 (haust, i samband med soknerådsvalet), og 4 (desember/jul). GOD PÅSKE til lesarane våre!

Innsendingsfrist neste nr: 20. mai.



## Altarteppet på Dalsøyra

Teppet er laga ca. år 1995-97, av

ungdomstrinnet på Dalsøyra skule.

Alle elevane laga kvar si rute.

Nina Dyregrov laga midtruta.

Agnes Grahl Madsen sydde rutene saman. Teppet har sidan vore brukt på alle skulegudstenester, vanlege gudsstenester i Dalsøyra samfunnshus, og i nokre andre høve, som avslutningsgudsstenesta for Jens Linde, og i ei gravferd.

Anne Grete Opdal



Vikarprest Børge Ryland

## Saman mot målet!

Som prest i Austrheim og Fedje i mange år, fekk eg med meg mange fine minne. Eit øysamfunn der folk var avhengige av båt, bru og ferje-forbindelse, akkurat som i Gulen.

Med gamle «Fedje», ferja som gjekk frå Sævrøy til Fedje, vart det mange turar og fine samtalar med mannskap og medpassasjerar.

Eg hugsar at skipper Harald Fivelsdal frå Gulen fortalte om den gongen pensjonistane frå Fedje skulle på tur, ein dag det bles kraftig austavind.

Men vind eller ikkje, på tur skulle dei! Dei var då vane med slikt, der ute! Då klokka nådde avgangstid, gjekk dei frå kai. Salongen var under bildekket, og der sat pensjonistane i god prat med kvarandre, heilt til dei høyrdde motorduren varsla at no var

ferja snart framme. Dei gjekk opp, men overraskinga var stor då dei såg ferjekaien på Fedje i staden for på Sævrøy!

Vinden vart for sterk, ferja kom ikkje av flekken, så den måtte gjera vende-reis.

Det kan by på nokre utfordringar når vi legg i veg her vestpå. Som oftast går det greitt, og vi kjem fram.

Ein kyrkjelyd er som ei gruppereise. Menneske som er på veg, som har eit mål; ein draum om å nå fram. Kan hende må vi «Rykke tilbake til start», slik pensjonistlaget måtte.

Men draumen om reisa bar dei heilt sikkert i seg vidare.

Ein kyrkjelyd kan møta motbør, og ein må samla seg på ny for å gi draumen ny kraft. Ikkje minst kan gudstenesta med Ordet, dåpen og nattverden, truedkjennингa, bøn og salmesong gi draumen ny kraft. Ein stad å møte Guds ufattelege kjærleik og frigjerande nåde. Dette er Guds gáve til oss, så vi kan nå målet heime i himmelen hos han. Men ikkje minst er trua Guds gáve, ei fellesskapande tru, der Jesus er trua sin opphavsmann og fullendar. I Hebrearbrevet kapittel 12, vers 1-2a les vi:

<sup>1</sup> *Difor, når vi har så stor ei sky av vitne kring oss, så lat oss leggja av alt som tyngjer, og synda som heng så fast ved oss, og halda ut i det løpet som ligg framfor oss,* <sup>2</sup> *med blikket fest på Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar.*

# Farvel, og lukke til, Jens!



Her låser Jens kontordøra i Eivindvik for siste gong.

Jens Linde har no teke til i den nye jobben i Åmli i Aust-Agder.

Det var avskjedsgudsteneste for han på Dalsøyra samfunnshus 6. januar.



Mange møtte fram for å ta avskjed med den folkekjære presten sin. Ein flott bukett konfirmantar stilte opp

saman med Jens og song «Som barn i ditt hus».



Ein konfirmand hadde gitt presten ein caps og ein buff som det stod Linde på. Jens forklarte at Linde òg er namnet på eit dansk truckfirma som har slagordet «effektiv og stille-gåande», noko han meinte passa godt som motto også for seg sjølv!



Etter gudstenesta varta sokneråda opp med god mat og kyrkjekaffi. Det kom nok litt meir folk enn dei hadde sett

for seg, men alle fekk plass, og alle blei mette.



Under kyrkjekaffien var det høve til å kome med helsingar. Både «gamleprost» Geir Sørebø og «nyeprost» Helge Taranrød gav Jens takk og gode ord med på vegen vidare. Ordførar Hallvard Oppedal takka og ønskte lukke til på eigne og familien sine vegner, og helsa frå tilsette på kommunehuset.



Soknerådsleiar Maike Norman Bøe helsa frå sokneråda, og gav Jens ei nistekorg med på reisa. Sokneråda si gav giukk (etter Jens sitt ønske) til misjonærprosjektet i Mali, som er drive av Jens sin gode venn Frode Brügger Sætre/NMS.



Songkoret Øyklang under dirigent Bente Haugen gjorde festen fullkommen. Dei framførte tre songar saman med Jens, og avslutta med «O, helga natt.»

Tusen takk til songkoret, og til sokneråda som hadde lagt så godt til rette for den fine avskjedsmarkeringa dette blei.



Her er nokre glimt frå verkstaden.  
Som vi ser: God aktivitet, og flotte  
produkt!

## Fin adventsverkstad i Brekke 09.12.18

Brekke sokneråd og Brekke Bygdekvinnelag samarbeider årleg om adventsverkstad i Risnehall.

Det er mange ulike aktivitetar borna kan vere med på.

Fleire nyttar dagen til å få laga fine julegåver.

I år var det baking av peparkaker, ein kunne lage hylle på sløyden, glasmaleri, marmorering av julekuler og kort, eller decoupage.

Konfirmantane var med og hjelpte til. 36 born deltok på dei ulike aktivitetane.

Bygdekvinnelaget hadde café med graut og vaflar.

Kafeen er ein kjekk møteplass, og ein kan vere der utan å måtte delta på aktivitetar eller anna.

Etter aktivitetane er det familiegudsteneste.

### Soknerådet takkar:

Soknerådet vil særleg takke bygdekvinnelaget for godt samarbeid.

Stor takk også til Skahjem, som gav flott material til sløydaktiviteten.

I år vart det eit lite underskot på samlinga, det blir dekka av soknerådet.



# Konfirmantfest i Brekke

## 20.01.19



Det var konfirmantfest på bedehuset i Brekke 20. januar 2019.

Det var veldig kjekt at alle konfirmantane kom! Her er dei oppstilte ved det rikhaldige kakebordet.

## Årsmelding 2018 for Gulen sokn

### Soknerådet

Soknerådet hadde desse medlemene: Iddi Glenjen (leiar), Maike Norman Bøe (nestleiar), Jan Henrik Leknes, Målfrid Undertun, Irene Mongstad, Signe Baarøy og Jens Linde.

Vara: Nina Kolås Rutledal, Kjellfrid Berge, Kåre Tveit, Vibekke Austgulen og Gunnar Nesse. Bjørn Magne Hansen er vara for presten.

Soknet sine medlemer i fellesrådet er Målfrid Undertun og Iddi Glenjen. Varamedlemer er Jan Henrik Leknes og Signe Baarøy.

Soknerådet har hatt 5 møte og behandla 34 saker. Det har vore to fellesmøte for alle sokneråda. Det har vore eitt soknemøte (årsmøtet).

Soknerådet uttaler seg om gudsstenesteplan, set opp liste for kyrkjevertar og vedtek tildeling av offer. Det har fleire saker gjennom året om trusopplæring og planlegging av tiltak. Rullering av handlingsplan for kyrkja har vore arbeidd med, og i denne saka også om ein skal endre på soknestrukturen i kommunen.

Budsjett og rekneskap er årvisse saker. Sidan det er valår i 2019, har det vore valt eiga nominasjonsnemnd: Jan Henrik Leknes, Maike Norman Bøe, Iddi Glenjen og Kåre Tveit.

### Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det har vore 24 gudstenester, 2 færre enn i 2017. 17 av desse har vore i kyrkja. Etter vedtak frå soknerådet har ein hatt to av dei vanlege gudstestene på samfunnshuset på Dalsøyra, for at den delen av soknet skal få kortare veg.



Gudstenesta pinsedag, som er felles for alle tre sokna, var som vanleg på Tusenårsstaden Gulatingsletta. I år var det også dåp på denne gudstenesta. Begge skulane i soknet har hatt skulegudsteneste før jul, med godt oppmøte. Det har vore ei gudsteneste på kvart av bu- og omsorgssentra og på sjukeheimen. Talet på gudsteneste-

deltakarar er i snitt 74,6. Det er ein auke frå i fjor, då det var 70,4. Dersom ein reknar på dei gudstenestene som vart haldne på sön- og helgedagar, er snittet på 81,2.

19 av gudstenestene hadde nattverd; 3 fleire enn i fjor. Snittalet på nattverds-gjester var 29, noko som er ein auke frå 27,8 i 2016 og 2017.

Det var 18 konfirmantar i 2018, ingen vigsler, 10 døypte og 16 gravferder. Truleg er auken i gudstenestebesøk påverka av at konfirmantkullet var så stort (6 fleire enn i 2017).

Utanom skulegudstenestene har tre gudstenester vore familiegudstenester, éi var særleg tilrettelagd for ungdom (felles gudstene for alle sokna etter konfirmantleiren på Alværa), og éi var ei samling for barnehageborn.

## Trusopplæring

Det var Tårnagenthelg i januar for 8-9-åringane.

Barnas Misjonsdag var i år i Brekke. Det var Hausttakkefest med utdeling av bøker til 4- og 6-åringane.

Sidan vi no berre har namn på medlemer og tilhøyrige (der mor eller far er medlemer), må vi bruke lokalkunnskapen og spørje om det er andre som også bør få invitasjon. Vi sender så brev til alle vi har namn på, og inviterer dei til kyrkje. Samtidig ber vi dei som ikkje kan møte, men har lyst å ha boka, om å gje oss melding. Dei vil då få ho tilsendt etterpå.

Det vart avvikla ei barnekorhelg med Bjarte Leithaug, som avslutta med



konsert. For dei som deltok, var dette eit flott arrangement. Men i forhold til arbeid og økonomi, var det altfor lite med berre elleve deltagarar.

Barnehagen i Eivindvik har vore på besøk i kyrkja éin gong, og hatt eit besøk av presten i barnehagen.

Konfirmantundervisinga er felles for alle sokna, og er lagt til nokre laurdagar og nokre ettermiddagar, samt konfirmantleir.

I tillegg har konfirmantane tenesteoppgåver, og deltek også på guds-tener.

Gulen sokneråd deler ut dåpslys til dåpsbarn, CD med barnesongar til 2 års dåpsdag, 4- og 6-årsbok, års-abonnement av søndagsskulebladet «Barnas», og bibel til konfirmantane.

I år fekk konfirmantane også eit olivenkors (smykke).

I soknet vårt er det ingen faste tilbod som søndagsskule eller ungdoms-klubb til borna. Det er eit sakn.

Soknerådet har gjort vedtak om at alle born som reiser på leir, kan få dekka utgifter med inntil kr. 500,00.

Det er ingen så langt som har nytta ordninga.

## **Diakoni, kyrkjemusikk og misjon**

Etter kvar gudsteneste er det enkel kyrkjekaffi, der folk kan stoppe opp og vere sosiale. Det er kyrkjeverten som har ansvar for det.

Det er andaktar på sjukeheimen og på bu- og omsorgssentra, i år til saman 12. Somme er samlingar der både medlemer i soknerådet og konfirmanatar deltek.

Det har vore ein salmekveld med ei songgruppe sett saman med folk frå Brekke og Gulen og leia av Bjarne Tveit.

I staden for å ha eigen adventskonsert, fekk vi i år spørsmål frå Sigrid Moldestad, som ville kome. Det var ein veldig fin konsert med mange besøkande.

I samband med «Gulenfestivalen» var det fire konsertar i Gulen kyrkje. Medverkande: Einar Steen-Nøkleberg (klaver), Alexander Zagorinsky (cello), og Kåre Nordstoga (orgel). Espen Selvik sto i spissen for arrangementet.

Det var også ei kveldsmesse med kystpilegrimar på veg mot Nidaros. Soknet har samarbeidsavtale med NMS om eit misjonsprosjekt i Mali. Konfirmantane deltek i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. I år hadde dei besøk av ungdomar frå Changemakers i forkant.

## **Frivillige medarbeidrarar**

Arbeidet i soknet fordrar mange frivillige, og som eit forsøk på å vise at vi set pris på dei, inviterte soknerådet til Kyrkjelydsfest på Oppdalsøyra.

Det var koseleg, men få frammette. Tidlegare har det blitt kalla Frivilligfest, og invitasjon sendt i brev til fleire, + plakatar. Kanskje er det betre kunngjering?



Soknerådet arrangerte dugnad på kyrkja/kyrkjegarden saman med Gulen Pensjonistlag. Det er eit godt samarbeid!

I sommar var det Open kyrkje, og mange tok del i å opne/låse og legge til rette for at folk kunne besøke kyrkja. Kyrkjelydsbladet blir i stor grad laga på dugnad (Anne R. Tveit) og utdelt av frivillige.

Konfirmantforeldre er med på laurdagssamlingar og som nattevakter på konfirmantleiren.

Gulen sokneråd takkar alle som gjev tid, arbeid og pengar, eller på annan måte støttar arbeidet vårt!

## **Kyrkjebrygg og gravplassar**

Vindauga på nordsida av kyrkja er reparerte og har delvis fått nye ruter. Det er montert nytt kjøleanlegg på bårehuset.

Bårerommet er måla innvendig, og lekkasje/røte ved dør/terskel er blitt ordna.

Flaumlysa er reparerte og skifta ut med LED-lampar. Det manglar framleis eitt på nordsida.

Gjerdet rundt gravplassen er skifta ut. Det står att noko arbeid, m.a. portane og gjerdet mot nord.

Inne i kyrkja er det montert ein ny kontakt ved orgelet for å kunne ha ei varmekjelde og gjere øvinga til organisten meir komfortabel.

Stolane som vart kjøpte inn på 2017-budsjettet, er komne og tekne i bruk. Det er også kjøpt inn nye konfirmantkapper.

Sidan stadig fleire vel å nytte urnegrav, har ein kjøpt inn eit jord-påkastingssett som skal nyttast inne i kyrkja.

Sommarvedlikehaldet har vore fint.

## Økonomi

Gulen sokneråd har eit negativt driftsresultat på kr.10.924,61.

Det blir dekka inn av tidlegare overskot/bruk av disposisjonsfond, slik at rekneskapen går i null.

I budsjettet var det budsjettert med bruk av fond på kr.15.200,00, så i forhold til budsjettet, har soknerådet brukt ca. kr.4000,00 mindre enn planlagt.

Samla har det kome inn kr. 61.792,00 i offer i kyrkja.

Av dette er kr. 17.755,00 til eige arbeid i soknet.

Gjennom fast gjevarteneste kjem det inn kr. 4.800,00.

Så er det, jf. statistikken, samla inn på annan måte kr. 44.671,00.

Kr. 30.950,00 av det til eige arbeid. Deler av dette er  $\frac{1}{2}$  av inntekme gåver til kyrkjelydsbladet, og det kjem såleis inn på fellesrådet sitt budsjett. Elles er det enkeltgåver, som t.d. at soknerådsmedlemer vel å gje møtegodtgjerdsla si, eller vikarar som gjer det same med løna si.

Fasteaksjonen på kr. 13.721,00 er også inne i denne sekkeposten.



## Årsmelding 2018 for Brekke sokn

### Råd og utval

Soknerådet har vore samansett slik: Cathrine W. Tveit (leiar), Bjarne Tynning (nestleiar), Kristin Kjelby, Sissel A. Kvame, Turid Strømsnes, Magnus Oppedal og Jens Linde.

Varamedlemer i rekkefølgje: Johnny Langvatn (møter fast), Bodil Vågseth, Anne Gunn Ynnesdal, Jan Even Østerbø, Else Karin Vedå og Bjørn Magne Hansen.

Sissel A. Kvame og Magnus Oppedal er medlemer i fellesrådet, med Turid Strømsnes og Kristin Kjelby som varamedlemer.

Soknerådet har hatt 6 møte og delteke på 2 felles soknemøte for kommunen, og det har vore eitt soknemøte (års-møtet). Det har vore handsama 18 saker. Sakene spenner frå liturgi, trus-opplæring, aktivitetar, tildeling av

offer, og til budsjett, planar og vedlikehald av kyrkje og gravplass. Sidan det er valår i 2019, har soknerådet sett ned ei nominasjonsnemnd med desse medlemene: Cathrine W. Tveit, Johnny Langvatn og Turid Strømsnes.

## Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det har totalt vore 24 gudstenester i Brekke sokn. 17 av desse har vore i kyrkja, fire på bu- og omsorgssenteret, to på bedehuset og éi i Risnehall. Det er fire fleire enn i 2017, og skuldast nok at Bjørn Magne Hansen, som har hatt samlingane på bu- og omsorgssenteret, har gjennomført dei som gudstenester.

Det totale talet på deltakarar på gudstenester har gått ned med 13,3 % frå 2017. Snitttalet er 50,4, som er ein tilbakegang frå 69,7 i 2017. Viss ein held utanfor gudstenestene på bu- og omsorgssenteret, vert snittet 56,8. 2017 var eit år med høg gudstenestedeltaking. I 2015 og 2016 var det eit snitt på 60.



Brekke sokneråd/bedehuset hadde konfirmantfest på bedehuset i januar. Det var også gudsteneste på Barnas Misjonsdag. Brekke har, som einaste

kyrkja i prostiet, midnattsgudsteneste på nyårsafta. Det var skulegudsteneste før jul, med svært god oppslutning frå elevane.

16 av gudstenestene hadde nattverd. Det verkar for å vere færre enn det soknerådet har anbefalt. I snitt er det 19,5 nattverdsgjester. Det er ein klar nedgang på omlag 5 frå dei to føregåande åra. Fire av gudstenestene var familiegudstenester.

To born vart døypte, 12 ungdomar konfirmerte (100 %), og det var éi vigslé og 7 gravferder.

## Barne- og ungdomsarbeid

Desse tiltaka har vore gjennomførte:

- \* Konfirmantfest på bedehuset og konfirmanthelg på Alværa
- \* Tårnagenthelg i februar
- \* Barnas Misjonsdag i Brekke bedehus (felles for alle tre sokna)
- \* Hausstattakkefest
- \* Adventsverkstad
- \* Utdeling av: dåpslys, bok til 2-års dåpsdag, bok til 4- og 6-åringar og bibel til konfirmantane, + eit kors (smykke) i oliventre.

I tillegg er ein så heldige i Brekke sokn at det er søndagsskule; Sprell levande, med 10 betalande medlemer. På bedehuset blir det drive Tysdagsklubb med ca.15 deltakarar.

Soknerådet har gjort vedtak om å sponse born som reiser på leir, med inntil kr. 500,-.

## Diakoni, kyrkjemusikk og misjon

I samband med Gulenfestivalen i sommar var det ein konsert med Arve Tellefsen og Einar Steen-Nøkleberg i

Brekke kyrkje. Det var fullt hus; og eit svært godt likt arrangement.



Bergen Mannskor har også lånt kyrkja til konsert. Det har vore ein salmekveld med ei lokalt samansett songgruppe (Brekke og Gulen sokn), leia av Bjarne Tveit. Adventskonserten i år var administrert av Brekke mannskor.

Soknet har, saman med prest og frivillige, leia av Astrid Mundal, hatt andaktar/samlingar på eldresenteret. Konfirmantane har delteke, som ein del av undervisninga. Konfirmantane har delteke i fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Kyrkjelyden har misjonæravtale med Det norske misjonsselskap (NMS) om arbeid i Mali.

Det er som regel enkel kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste. Dette gir godt høve til å få prata litt saman, og er slik sett eit diakonalt tiltak.

### **Frivillige medarbeidrarar**

Årsmøtet til soknet var på bedehuset, og kombinert med kyrkjelydsfest.

Prost Geir Sørebø var med. Det var på førehand informert om at det ville bli lagt opp til diskusjon om saka om kyrkjebenkane. Det møtte ikkje så veldig mange, men begge syn var representerte. Konklusjonen var at soknerådet går vidare med å få kyrkjekonsulenten til å kome og sjå på kyrkja og foreslå tiltak.

Soknerådet deler på å vere kyrkjevert ved gudstenestene.

Klokartenesta er utført av frivillige. Det har vore gjeve tilbod om kurs i tekstlesing. Frå Brekke var det to deltagarar.

Kyrkjelydsbladet blir delt ut i postkassane av frivillige.

Soknerådet er svært takksame for alle som stiller opp på frivillig arbeid; særleg det barnearbeidet som går fast over tid, men også alt anna, og det samarbeidet ein har med enkelt-personar og lag i bygdene.

### **Kyrkje og gravplass**

Vi har hatt besøk av kyrkjekonsulenten for å få teikning/skisse til å ta ut benkane, samt korleis kyrkja kan gjerast meir open framme og ivaretaka kravet til universell utforming på ein betre måte enn i dag. Det står att å få kostnadsrekna skissene.

Gravfelta oppe ved kyrkja har blitt oppmålte og fått (fleire) fastmerke, slik at det blir enklare å merke ut graver.

Fasadebelysninga vart skifta ut med nye LED-lys. Kostnad kr.40.750,00. Vi fekk ei gåve på kr.10.000 fra Brekke pensjonistlag og Bygde-

kvinnelaget, resten vart dekka av fellesrådet. Det nye brannvarslingsanlegget måtte reparerast for ein lynskade. Nye konfirmantkapper er kjøpte inn og tatt i bruk, pianoet er blitt stemt, og det er kjøpt inn glasplate til å ha på altaret, for å skåne dukken.

## Økonomi

Til saman vart det samla inn kr. 49.052 i offer i kyrkja. Kr. 21.153,00 av desse var til eige arbeid i soknet. Av andre innsamlingar/gåver kom det inn kr. 29.983,00. I denne summen ligg også  $\frac{1}{4}$  av gåver til kyrkjelydsbladet. Kr. 6.250,00 var ei minnegåve til puter i benkane. Rekneskapen har eit rekneskapsmessig underskot på kr. 1.427,33.

## Årsmelding 2018 for Mjømna sokn

### Råd og utval

Soknerådet har vore samansett slik: Bente Haugen (leiar), Anne E. Ytreøy (nestleiar), Kjell Kversøy, Kristin Mjanger, Inger A. Einebærholm, Arve Mjømen og Jens Linde.

Varafolk: Mina Andreassen, Sølvi-Ann Oddekalv, Sissel Unneland, Ann-Helen Birknes, Bjørn Magne Hansen. I sak 26/18 fekk Sissel Unneland friftak for vervet ut perioden.

Kjell Kversøy og Inger A. Einebærholm er medlemer i fellesrådet, med Anne E. Ytreøy og Kristin Mjanger

som varamedlemer. Soknerådet har hatt 5 møte og handsama 35 saker. Det har vore 2 fellesmøte med alle sokneråda i kommunen. I tillegg til soknerådsmøte har medlemer i soknerådet gjennomført nokre uformelle «kjøkkenmøte» der dei har planlagt drift/aktivitetar.



### Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det har vore gjennomført 21 gudstenester, noko som er 3 fleire enn i 2017. Av desse er det ei på Alders-tunet, og ei skulegudstene. Ei gudstene var halden ute på Skjerjehamn som «Skaparverkets dag».

Det er ein prosentvis nedgang på 26,3 i gudstenestebesøket. Noko av det skuldast truleg at det var færre (2) konfirmantar i 2018, og at det i 2017 var ei felles ungdomsgudstene/konsert for heile kommunen, i Mjømna kyrkje. På skulegudstena var det om lag berre halvparten

frammøtte i forhold til i 2017 og elevtalet. Kanskje kjem det av at skulen heldt på at dei som skulle gå, måtte melde seg på, medan dei andre skulane i kommunen gjorde omvendt; dei som ikkje ville gå, måtte melde seg av.

På 16 av gudstenestene var det nattverd, mot 12 året før. Talet på nattverdgjestar gjekk ned med 39,2 %. Det var 5 dåpsbarn og 6 konfirmantar, noko som er 100 %.

Det var 6 gravferder og tre vigsler, to av desse var på Skjerjehamn. Alle tre para var utanbygdts.

3 av gudstenestene + skulegudstenesta var i Byrknes bedehuskapel. 3 gudstenester var familiegudstenester.

«Skaparverkets dag» på Skjerjehamn var annonsert som fellesgudsteneste for heile kommunen.



### **Barne og ungdomsarbeid**

Soknet gjennomførte Lys vaken (utsett frå 2017) for 9-11 år.

Konfirmantane har deltatt ved gudstenestene og hatt ulike tenesteoppdrag

ut over det. Mellom anna har dei vore med soknerådet på Eldretreff.

Sjølve konfirmantundervisinga er felles for heile kommunen, og blir stort sett gjennomført med nokre laurdags-samlingar og nokre ettermiddagar på Dalsøyra. I tillegg kjem leiren på Alværa.

Soknerådet ser gjerne at fleire born reiser på leir som ein del av trus-opplæringa. Dei har derfor gjort vedtak om sponsoring av leir med inntil kr. 500,00 pr. person. Det er ingen som har nyttja ordninga i 2018, så ho må gjerast betre kjent, samtidig som ein arbeider meir for å gje born lyst til å reise på leir.



I samband med jula har kyrkjetenaren med seg born for å pynte juletre og lage ei førjulssamling i kyrkja. Det vart også gjennomført i år, men med lite frammøte. Soknerådet deler ut dåpslys i samband med dåpen, og gir eit årsabonnement av søndagsskule-bladet «Barnas» til alle 6-åringar (medlemer/tilhøyrande). 4- og 6-

åringane får bok. Konfirmantane får bibel, og i år eit olivenkors (smykke) i samband med konfirmasjonen.

Samanliknar vi frammøtet på ulike trusoppleringstiltak med landssnittet, så har vi prosentvis godt frammøte. Men sidan det totalt er få born, så synest det som som få frammøtte. Ein gjennomfører derfor tiltaka for fleire årsklassar samstundes, enn det som står i planen.

Skulen på Byrknes har besøkt kyrkja som ein del av undervisinga si.

### **Diakoni, kyrkjemusikk og misjon**

På bedehuset var det i vårsemesteret fire samlingar med «Tru og tvil», der ein både lærte om Bibelen og diskuterte ulike spørsmål kring tru og tvil. Leiar var Jens Linde.

Det har vore 8 andaktar/eldretreff på Alderstunet, 2 av dei der konfirmantane var med. Soknerådet har stilt med mat, og det har vore lotteri. Inntekta har gått til nytt piano på Alderstunet. Dette vart kjøpt inn med støtte frå reiarlaget Vestbris og Sanitetten. Korpset og Øyklang hadde konsert i kyrkja i oktober, med afrikansk musikk. Elles var det julekonsert med lokale krefter.

Kyrkja var utlånt til møteveke 18.-20. september (radio- og TV-pastor John R. Hardang). Saman med Solund sokneråd vart det planlagt og gjen-

nomført ein flott kyrkjelydstur til Fedje i sommar, der både Bjørn Magne Hansen og Jens Linde var med.

Konfirmantane har delteke på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Dei hadde besøk av Changemakers for å fortelje dei om prosjektet.

Haustfesten vart utsett til 2019 på grunn av ombygging av kjøkkenet på bedehuset.

### **Frivillige medarbeidarar**

Soknet utfører klokkartestra på dugnad, og soknet får kr. 15.000 i inntekt for arbeidet.

Det vart arrangert tekstlesarkurs i Mjømna kyrkje, for heile kommunen. Vi hadde forelesar frå NLA; Ruth Hol Mjanger. Tilbakemeldingane frå dei som var der, var svært gode. Men igjen viser det seg vanskeleg å samle mange, og at avstandar blir brukte som «unnskyldning» for ikkje å delta. Utdeling av Kyrkjelydsbladet skjer av frivillige/soknerådet. Til barne- og ungdomsarbeidet blir det også nytta frivillige. I Mjømna sokn er ein heldige og har eit fast barnearbeid knytt til bedehuset, som særleg Inger Marie og Ingolf Wergeland driv.

### **Kyrkje, gravplass og økonomi**

Det har vore to store arbeid i Mjømna i år: reparasjon og utvendig maling av kyrkja, og ny parkeringsplass. Det er

tatt vekk benkar bak i kyrkja, slik at det er god plass til kyrkjekaffi.

Soknerådet har løyvd pengar til skap i dåppssakristiet. Dei blir sette opp på dugnad.



Det er kjøpt inn eit jordpåkastingssett til å bruke inne i kyrkja, då det aukar med folk som vel kremasjon.

I sommar var det særstakt ute. Og då passa det sjølvsagt svært därleg at den eine av to vasspostar slutta å verke. Fellesrådet har kjøpt inn ny, med haldar for vatnekanner. Han vil bli montert i løpet av våren.

Soknerådet hadde ein dugnad på kyrkja/kyrkjegarden i framkant av konfirmasjonen.

Det nye gravfeltet er teke i bruk.

Det er framleis vanskar med vatn på nokre graver på felt B. Fellesrådet har budsjettert med løyving for å utbetre dette i 2019.

Det vart kjøpt inn og tatt i bruk nye konfirmantkapper.

Mjømna sokneråd hadde eit driftsresultat på kr. 7.320,72. Totalt kom det inn kr. 30.140,00 ved offer i kyrkja. Kr. 11.819,00 av dette var til eige arbeid. Soknerådet har ikkje fast gjevarteneste, men har motteke ei gáve på kr. 900,00. Andre innsamlingar, Fasteaksjon og lotteri har gitt kr. 35.539,00 (kr. 28.935,00 til eige arbeid). Kyrkjelydsbladet er finansiert av gåver, og  $\frac{1}{4}$  av inntektene til bladet er rekna inn i denne summen.

## Innleiing til årsmeldinga for Gulen kyrkjelege fellesråd 2018

### Visjon: Nær Gud, nær menneske

#### *Slik kyrkjeleverja ser det:*

Kyrkja i Gulen har hatt stor aktivitet i 2018. Det har vore gjennomført 69 gudstenester, fordelt ganske likt på sokna, og i samsvar med vedteken gudstenesteforordning. Til saman har 3823 delteke på ei gudsteneste.

Snittalet for deltaking totalt har gått ned for alle sokna, minst for Gulen sokn. For vanlege søndagsgudsstenester har det faktisk vore ein liten oppgang for Gulen sokn, mot trenden som viser at «andre gudstenester» har oppgang og «vanlege» har nedgang. 17 born er døypte, 36 konfirmerte og 4 par vigde. Det har vore 31 gravferder.

Kyrkjene har hatt 13 konsertar. Av konsertar frå folk utanfrå, var særleg Arve Tellefsen i Brekke kyrkje og Sigrid Moldestad i Gulen kyrkje godt besøkte. Julekonsertar med lokale krefter er også svært populære.

Trenden er at talet på foreldre som vel å døype borna sine, går ned. Kanskje mest fordi det er fleire som ikkje er medlemer i DnK, men også fordi det er fleire som meiner barnet sjølv skal bestemme det når det er gammalt nok. Det negative med det, er at tilbodet om å vere med på trusopplæringsaktivitetar, i stor grad berre blir sendt til dei som er i medlemsregisteret vårt, dvs. til dei som er døypte. Og korleis skal ein som ungdom ta stilling til om ein vil bli døypt, viss ein ikkje har fått opplæring? Sokneråda prøver derfor å nå alle foreldre/born med spørsmål om dei vil bli inviterte, sjølv om dei ikkje er medlemer. Ein annan grunn til at sokneråda prøver å spørje alle, er at det i små samfunn kan opplevast sårt å kanskje vere einaste i klassen som ikkje blir invitert til å overnatte i kyrkja eller å reise på leir.

Sokneråda vil gjerne at born frå Gulen skal få oppleve eit større kristent fellesskap, og har derfor i 2018 vedteke ei tilskotsordning til alle som reiser på leir. Dette gjer dei også for å jamne ut, slik at økonomi ikkje skal vere eit hinder for nokon til å delta. Tilskotet er på inntil kr. 500,00 pr. leir.

Trusopplæringsarbeidet er i stor grad avhengig av frivillige. Vi har kyrkje-lydpedagog i deltidstilling, og leiger inn ekstra til konfirmantundervisinga.

Vi prøver å ha nokre av tiltaka felles for alle tre sokna, men har delvis gått bort frå det, fordi avstandane er så store at det ikkje fungerer. Det er også utfordrande at det er fire skulekrinsar, der faste fritidsaktivitetar ligg på ulike dagar. Trusopplæringa er eit kjerneområde for kyrkja, fordi vi ønskjer å halde fram med å ha ei levande kyrkje i bygdene våre, og for at fleire skal høre og lære om Jesus og tru på han. Å rekruttere til frivillig arbeid er avgjerande for å lukkast. Vi kan ikkje skryte av å ha «knekten koden», men er svært takksame for alle som hjelper til både jamleg og meir sporadisk.

Gulen er eit område der folkekirkja står sterkt. Folk bryr seg om tenestene kyrkja gjev, og om kyrkjebygga, men det er ikkje stor aktivitet med andre aktivitetar som t.d. bibelgrupper, søndagsskule, kor eller samlingar. På Byrknes og Brekke er det noko barne- og ungdomsarbeid, mest knytt til bedehusa. «Sprell levande» i Brekke er knytt til soknerådet.

Talet på ut- og innmeldingar viser same trenden, ved at berre to har meldt seg ut og éin inn i 2018.

Gulen kyrkjelege fellesråd meiner vi har eit godt samarbeid med kommunen, og at vi møter stor forståing og vilje til å finne løysingar. Det er krevjande med store trebygningar som skal ivaretakast og sikrast, både økonomisk og mannskapsmessig. Krav til komfort, ærverdige og samtidig tidsriktige og brukarvenlege lokale, og trygt arbeidsmiljø, utfordrar oss på fleire vis.

2019 er valår, og det ligg an til stor utskifting i sokneråda.

Det er arbeidd med å innføre ei prøveordning for rådsstrukturen, slik at vi får eit kyrkjestyre for alle sokna, som har fellesrådssakene og dei formelle soknerådssakene. Dette håpar vi kan gje meir effektiv drift og betre utnytting av ressursane. Samtidig er det viktig at nærliek mellom lokalt sokneutval og lokal kyrkje vert teken vare på, og at folk framleis støttar opp om og hjelper til i kyrkjelyden der dei hører til.

*Eivindvik, 21.02.19*

*Trude Brosvik, kyrjeverje*

## Brekke kyrkje, reparasjon og oppgradering

I sommar skal Brekke kyrkje reparast og malast utvendig, Det er Mjømen og Berge Byggeverksemd AS som har fått anbodet.

Innvendig i Brekke kyrkje er det store planar for å endre, både framme i koret og med benkane. Det var sak på årsmøtet til Brekke sokneråd, og stemninga der var positiv for at soknerådet og fellesrådet skulle gå vidare med saka.

**Koret:** Framme i koret skal ein ta vekk noko av rekkverket fram til koret, slik at opninga vil vere mellom søylene.

Så vil ein bygge fram golvet i same høgd som koret nokre meter, mellom anna for å lage plass til ein rullestol-tilkomst framfor prekestolen og opp.

Det vil både opne opp, gjere det lettare for folk med funksjonshemmning å delta i aktivitetar framme i kyrkja, og det vil også gjere det betre ved konserter for kor og korps å stille opp. Samtidig vil ein gjere nødvendig isolasjonsarbeid mot trekk frå golvet/kortrappa.

**Golvet:** Golvet vil bli isolert ved å legge nytt golv oppå det gamle, med isolasjon imellom. I midtgangen vil det bli bygt opp, slik at høgda blir den same i heile kyrkja. Heilt bakarst vil det i midten vere ei slak heving av golvet, slik at rullestolar ikkje vert hindra.



**Benkane:** Soknerådet foreslår å byte ut benkane nede i kyrkja med stolar. Det må vere stolar av god kvalitet og med farge som høver til anna interiør i kyrkja.

### Gulen kyrkjelege fellesråd: Vedtak 15.03.19:

Gulen kyrkjelege fellesråd stiller seg bak Brekke sokneråd sitt ønskje om å gjere endringar framme i koret på Brekke kyrkje, samt heve golvet og byte ut benkane med stolar. Gulen kyrkjelege fellesråd vedtek tiltaket i

samsvar med alt. 2 frå kyrkjekonsulenten, dat. 08.11.2018, og søker biskopen om løyve til å gjennomføre endringane. Vi er innforstått med at type stolar må godkjennast.

Tiltaka må kostnadsrekna og blir å ta stilling til i budsjett/økonomiplan 2020.



## Sogn og Fjordane teater i Gulen kyrkje 10.04.19 kl. 19.00

I to år på rad har Sogn og Fjordane Teater vist *Miriam si forteljing – juleevangeliet* i kyrkjer omkring i fylket. No kjem *Maria Magdalena – Jesu virke*, nummer to i trilogien om Jesus. I *Jesu virke* er ordet gitt til Maria, ho som hadde tilnamnet Magdalena. Ho fortel historia som ei augevitneskildring.

Teksten til stykket er ved Håvard Rem, omsetjinga ved Asbjørg Lotsberg, og regien ved Marit Østbye. Reidun Melvær Berge framfører monologen, Else Lund står for kostymedesign, og lysdesign er ved Krystian Myska.

## Kyrkjevalet i haust 9. september er det val til sokneråd og bispedømeråd

Førehandsrøystinga kan begynne frå 10. august.

I juninummeret av kyrkjelydsbladet vil vallistene og anna informasjon om valet bli presentert.

## Kunngjering om krav til listeforslag:

Alle sokneråda er nominasjonskomité for valliste til nytt sokneråd. MEN det er òg mogleg for andre å stille liste.

Krava er då:

- \* 11 namn på lista (kan vere færre viss prøveordninga med eitt råd blir godkjend)
- \* Alle på lista må vere medlemer i DnK
- \* Lista må leverast innan 30. april kl. 12.00 til soknerådsleiar/kyrkjekontor
- \* Lista må vere underskriven av 10 personar med stemmerett i soknet
- \* Viss det er nomineringsgruppe, godkjend av Kyrkjerådet, treng ein to underskrifter.

## Konfirmantleiren 15.-17. mars

På grunn av dobbeltbooking på Alværa vart konfirmantleiren avvikla på Hauglandssenteret/UWC i Fjaler. Det var ei flott ramme og litt meir internasjonalt enn vi er vane med. På neste side ser du nokre glimt frå laurdagskvelden, då ungdomane fekk vere i bakstehuset og lage sine eigne pizzaer i steikeomnen.

Stor takk til leiarane Børge og Synnøve Ryland, Maren Daae Eide og Eirik Halsnes for eit svært godt opplegg. Takk også til 6 foreldre som

var nattevakter (3 kvar natt), og ikkje minst: Takk til framifrå og fantastiske ungdomar!



## Samtalegudstenesta i Gulen kyrkje 17. mars

Etter konfirmantleiren gjennomførte konfirmandar, prest og hjelparar ei flott gudsteneste i Gulen kyrkje.



Plakatar med dei 10 bodorda blei plasserte langs midtgangen, som «stabbesteinar» og ei rettesnor for livet. Elles deltok konfirmandane med song, dramatisering av likninga om den miskunnsame samaritanen, lesing og opptrinn av ulike slag, noko dei gjorde på ein svært fin måte.





Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi/ saft, kaker, pølser og brød, før leiatar og konfirmantar drog kvar til sitt for å fordøye inntrykk og kvile ut etter ei travel, men meiningsfull helg.  
Nederste foto frå v.: Maren Daae Eide, Jørgen Håvåg, Birk Rasch, Synnøve Ryland og Elias Kvamme.

## Konfirmasjonar 2019:

### MJØMNA KYRKJE 5. mai

Karoline Birgitte Stendal Byrknes  
Mariell Børnes  
Marta Fonnes Larsen  
Suzanna Tilgner  
Andrea Hjartholm

### BREKKE KYRKJE 12. mai:

Lotta Rydland Kjelby  
Cecilie Hop Sundal  
Bjørnar Håland  
Nikolai Erik Skahjem  
Eirik Engesæter  
Sandra Bosdal  
Trond-Atle Oppedal  
Marte Inga Haugland  
Vemund Østerbø Haugsdal

### GULEN KYRKJE 19. mai:

#### Eivindvik skulekrins:

Tor Fosse  
Jarle Leknes  
Marthe-Helen Flolid Eide  
Sigrid Haugejorden  
Thea Katrin Haveland Kallekleiv  
Iselinn Flolid Haveland  
Anna Jobbagy  
Kathe Bruåsdal Haveland  
Jørgen Håvåg  
Kim Daniel Villanger Henriksbø  
Emma Karoline Rutledal

#### Dalsøyra skulekrins:

Emma Neverdal  
Rakel Alexandra Andersen Nesse  
Elias Kvamme  
Marita Isabel Baldersheim Westervik  
Birk Rasch  
Arin Hauge Reigstad

# Ledig vikariat: Kyrkje-tenar Mjømna kyrkje

14 % stilling.

Oppgåva er å vere til stades ved kyrkjelege tenester, ha tilsyn med kyrkja, syte for varme og reinhald m.m.

– Vil du vere vikar? Send i så fall søknad snarast og innan 29. mars til Kyrkjeverja, Eivindvikvegen 1119, eller [trude.brosvik@gulen.kyrkja.no](mailto:trude.brosvik@gulen.kyrkja.no)



## Takk

Takk for omtanke, helsingar og blomar i samband med gravferda til Elias Oliver Haveland den 25. september 2018.

Ei stor takk til heimesjukepleien for god omsorg og pleie i mange år, og til Gulen Sjukeheim, rehab, for gode dagar siste året.

Takk og til prest Bjørn Magne Hansen for god hjelp og gode ord.

*Aud, Elling, Kåre, Else, Wenche, Sverre og Karin m/fam*

## Hjarteleg takk

Takk til alle som var med oss i kyrkja og på minnestunda ved vår kjære Berly Vesetvik sin bortgang.

Takk for all omtanke, blomsterhelsingar og minnegåve til Betelskipet "Elieser 6", Den indre sjømannsmisjon.

Takk til Byrknes bu og omsorgssenter for god omsorg og pleie i 18 år.

## *Helsing familien*

## Hjarteleg takk

til alle som var med oss i kyrkja i samband med bisettinga til vår kjære Odd Ånneland.

Takk for omtanke, blomsterhelsingar og minnegåver til Kreftforeningen.

*Kirsten Ånneland, Otto Ånneland, Arne Ånneland, Elling Ånneland med familiar*

## Ei stor takk

Gjennom Kyrkjelydsbladet vil me få takka alle som viste oss så stor medkjensle ved Knut Ivar Virkesdal sin bortgang.

Takk til naboar og andre som tidleg kom til oss med varmt bakverk og anna godt, blomar og ikkje minst gode handtrykk og klemmar.

Takk til alle som sende blomehelsingar til heimen, og for all kondolanse, det var fint og det gjorde godt.

Takk til naboar og andre som hjelpte oss å stella til i gymsalen til gravferda, og ikkje minst hjelpte til med opprydding etterpå.

Takk til dykk som trekte kaffi og bakte sveler og kaker til samlinga i matsalen, og rydda der.

Takk til dei som hjelpte med bering av båra, og hjelpt ved jordfestinga.

Takk til vikarprest Børge Ryland for den gode måten han fylgte oss opp på i ventetida, og for ei fin gjennomføring av gravferdsseremonien.

Takk til Inger Elisabeth, Aase Gunn og Sigmund for fin song som vart godt motteken av alle!

Me vil også rette ei takk til organist Peter.

Til slutt vil me takke for minnegåver til Nyborg skyttarlag, og takke alle som var med oss på gravferdsdagen.

*Kirsten, Kjell og Ingrid*



## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### GULEN SOKN:

**27.01.19:** Elias Kvame Brosvik. For.: Anne-Line Kvame og Ståle Brosvik.

**27.01.19:** Liam Hanebrekke Warberg. For.: Elisabeth Hanebrekke og Kjell Rune Warberg (busette på Lindås).

### Døde:

#### GULEN SOKN:

**17.01.19:** Knut Ivar Virkesdal, f. 1968.

**02.03.19:** Anna Navdal, f. 1923.

**11.03.19:** Einar Mindor Nordal, f. 1954.

**14.03.19:** Bjørg Garvik, f. 1937.

#### BREKKE SOKN:

**06.01.19:** Karl Johan Dyrøy, f. 1936.

**11.02.19:** Bjarne Daae, f. 1931.

#### MJØMNA SOKN:

**24.11.18:** Karl Harry Gladvær, f. 1935.

**17.12.18:** Odd Ånneland, f. 1920.

**03.01.19:** Berly Vesetvik, f. 1917.

**22.01.19:** Gustav Bremnes, f. 1924.

## Kyrkjelydstur til Bjordal

16. juni inviterer Brekke sokn til kyrkjelydstur til Bjordal, til den årvisse friluftsgudstenesta på Sørebø, heimegården til Geir Sørebø. Gudstenesta tek til kl. 12.00. Kontaktperson når det gjeld skyss: Bjarne Tynning, tlf. 41610974.

## Kyrkjekalenderen



**31.03., 4. søndag i fastetida**  
**Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Børge Ryland.** Offer: Kirkens SOS.

**07.04., 5. søndag i fastetida**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Børge Ryland.** Dåp. Offer: KFUK/KFUM.

**Onsdag 10.04, Gulen kyrkje kl.19.00:** «Maria Magdalena» v/Sogn og Fjordane Teater.

**14.04., Palmesøndag**

**Byrknes bedehus kl. 15.30:** Familiegudsteneste v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kirkens Nødhjelp.

- 18.04.**, Skjærtorsdag  
**Gulen kyrkje kl. 19.30** v/Børge  
 Ryland. Offer: Alværa misjonssenter.
- 19.04.**, Langfredag  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** /Børge  
 Ryland. Ikkje offer.
- 21.04.**, Påskedag  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Børge  
 Ryland. Offer: Eige arbeid.
- 21.04.**, Påskedag  
**Brekke kyrkje kl. 19.30** v/Børge  
 Ryland. Offer: Eige arbeid. Kveldsmat på bedehuset etter gudstenesta.
- 22.04.**, 2. påskedag  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
 Magne Hansen. Dåp. Offer: Kirkens SOS.
- 28.04.**, 2. søndag i påsketida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/prost Helge Taranrød. Offer: Bibelselskapet.
- 05.05.**, 3. søndag i påsketida  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
 Magne Hansen. Konfirmasjon.  
 Offer: Eige arbeid.
- 12.05.**, 4. søndag i påsketida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Geir Sørebø. Konfirmasjon. Offer: Eige arbeid.
- 19.05.**, 5. søndag i påsketida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
 Magne Hansen. Offer: Eige arbeid.
- 26.05.**, 6. søndag i påsketida  
**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Geir Sørebø. Offer: Alværa misjonssenter.
- 30.05., Kristi himmelfartsdag  
**Byrknes bedehus kl. 15.00** v/Helle
- Kartveit. Barnas Misjonsdag. Offer: NMS.
- 02.06.**, Søndag før pinse  
**Mjømna kyrkje kl 16.30** v/Tone Marit Dyrkolbotn og Peter Jobbagy. Tårnagentar. Offer: Haraldsplass samtalesenter
- 09.06.**, Pinsedag  
**Tusenårsstaden Gulatinget kl. 11.00** v/Geir Sørebø. Skaparverkets dag.  
 Offer: Changemaker.
- 16.06.**, Treeiningssøndag  
 Kyrkjelydstur til Bjordal.  
**Sørebø kl. 12.00:** Friluftsgudsteneste v/Geir Sørebø.
- 23.06.**, Jonsokaftan  
**Kyrkjebjubileum på Husøy i Solund**  
 Mogleg kyrkjelydstur fra Mjømna.  
 Sjå oppslag.
- 30.06.**, 3. søndag i treeiningstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Geir Sørebø. Offer.
- 07.07.**, 4. søndag i treeiningstida  
**Brekke kyrkje**
- 14.07.**, 5. søndag i treeiningstida  
**Mjømna kyrkje**
- 21.07.**, Aposteldagen  
**Gulen kyrkje**
- 29.07.**, Olsok  
**Olsokgudsteneste på Fjon**
- NB!!** Det kan bli endringar i den oppsette gudstenestelista. Følg med i lokalavisene, på oppslag, på nettsidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.